



Ketil Moldekleiv

Buheim 15
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/884 - 13901/2009	Benjamin Hicks - 56375630	137/622	17.06.2009

Delegert sak

Godkjent melding - gbnr 137/622 Alver - terrasse og treningsrom og innreiing av tilleggsdel

Vi viser til Dykkar melding om tiltak etter Pbl §86a, motteken den 16.06.09. Meldinga omfattar innreiing av tilleggsdel (garasje) til soverom og bygging av treningsrom med terrasse.

Til meldinga er vedlagt:

- Dokumentasjon for varsling av naboar i samsvar med Pbl §94.3.
- Situasjonsplan og teikningar.

Vurdering

Kommunen kan ikkje sjå at det er komen inn naboprotestar i saka.

Gebyr.

SAK§23b, sett ein sakshandsamingsfrist for meldingssaker på 3 veker. Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.1. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.1. Meldingspliktige tiltak (Pbl§93)	
Sak som krev oppdatering av off. kart eller register	6.000
SUM	6.000

Konklusjon.

Kommunen har i samsvar med plan- og bygningslova § 86a ingen merknader til meldinga. Byggearbeida kan verte sett i gang. Følgjande vilkår vert sett for godkjenninga:

1. Den del av tiltaket som ligger innafor avstandskravet m.o.t. brann, må verte bygd samsvar med byggeforskriftene sine krav med omsyn til brannspreiing (TEK).
2. Skilje mellom bueiningar må tilfredsstillte byggeforskriftene sine krav til lydskilje (TEK).
3. Tiltaket må byggast slik at evt. reparasjon av offentlege fellesleidningar ikkje vert hindra.

Elles vert det opplyst om følgjande:

- Vi vil gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 96.
- Som tiltakshavar må De melda frå til kommunen når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta. Du kan sende oss ei tilbakemelding pr brev eller e-post til postmottak@lindas.kommune.no

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Benjamin Hicks
rådgjevar